

# ULSTEIN UTMARKSLAG - HAREID UTMARKSLAG Jaktreglar sesongen 2021/2022

## INFORMASJON TIL JEGEREN 2021

### Jakttid:

1.oktober til og med 23. desember. Dette gjeld alt småvilt med jakttidsramme, begrensa til jakt i utmark tilhøyrande utmarkslaga sine medlemmer (vist i vedlagde kart).

NB! Utmarkslaga, i samråd med Ulstein og Hareid jeger og fisk, har gjort slikt vedtak:

- Rype: 1stk rype per dag, totalt 4 per sesong.
- Orrfugl: Det vert oppmoda om å spare orrhøns, ingen begrensning på orrhane.

### Hund:

Hund brukt under jakt skal ha godkjent «sauesertifikat» (må medbringast).

Den som jaktar med hund som blir brukt i jaktøyemed, må løyse" jaktkort for hund".

Slikt jaktkort treng alle som jaktar nær og har nytte av slik hund, ikkje berre hundeførar.

Utabygds jegerar får ikkje bruke hund.

### Jaktkort og Kjøp:

Sesongkort med hund	kr. 800,-	Kun for innanbygds buande.
Sesongkort utan hund	kr. 400,-	
Døgnkort med hund	kr. 200,-	Kun for innanbygds buande.
Døgnkort utan hund	kr. 100,-	

Jaktkort kjøpast no på VIPPS. Ved kjøp på Vipps er kvitteringa gyldig som jaktkort.

**Vippsnr: 711297** – (Hareid Utmarkslag SA)

For grunneigar kan kort kjøpast hos Kjartan Snipsøy i Hareid, og hos Erling Ove Flø i Ulstein med 50% rabatt. Slikt Jaktkort må bringast med for å kunne synast fram ved kontroll. Under opplærings-jakt skal det løysast 1 stk jaktkort per våpen.

### Jaktrapport:

Alle som løyser jaktkort, har plikt til å sende inn rapport om fellingsresultatet.

Rapporten kan sendast til laga, leverast til kortseljar, eller meldast på epost innan 31.01.2022.

Den som ikkje leverer jaktrapport, kan bli nekta kortkjøp til neste år.

Utmarkslaga, i samarbeid med UHJFF, mottok no rapportering av jaktresultat på webadresse: [www.uhjff.no](http://www.uhjff.no)

### Jaktforbod:

Etter kunngjering i presse og ved andre avtalar er det i nokre områder forbod mot småviltjakt. Desse områda er, så langt ein kjenner til dei, avmerka,(skraverter) på vedlagt kart. Vi gjer merksam på at Brandalsfjella er unnateke frå jaktområdet. Myraskogen er freda under hjortejakta.

### Sau i fjellet:

Vi oppmodar jegerane om å melde frå om sau som går att i fjellet. Dersom det vert funne kadaver av sau så ta vare på eventuelle merke. Meld frå til Gunmar Grimstad, tlf. 95787862.

God jakt!

**ULSTEIN UTMARKSLAG**

**HAREID UTMARKSLAG**